
Vår referanse 2020/74771-4
Dato 21.12.2020

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - søknad om dispensasjon - parkeringsplass - gnr 347 bnr 9 - Rossland - Alver kommune

Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjonssøknad, datert 04.12.2020.

Søknaden gjeld dispensasjon frå plankrav i gjeldande kommunedelplan for Meland, for bygging av parkeringsplass. Tiltaket er ikkje nabovarsla grunna avtalar med grunneigarar og at saka er handsama etter veglova.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som er definert som «framtidig idrettsanlegg I_3» i kommuneplanens arealdel.

Uttale

Som det er vist til i brev frå Alver kommune, så er det allereie søkt om dispensasjon frå byggegrense til fylkesveg for å etablere parkeringsplass. Søknaden er handsama og godkjent av Vestland fylkeskommune. Vi har og gjeve eit førehandstilsegn til utvida bruk av avkøyrse frå gnr 347 bnr 122 til fylkesveg 5318 Skjelangervegen.

Vi stiller oss positive til etablering av parkeringsplass for turgåarar i området, blant anna for å unngå at folk parkera langs fylkesvegen.

Med helsing

Hege Løtveit
leiar

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift